

Ventar på brøystestikkene

10.11.2012



**Brøystestikkene har kome opp på vegen frå Kapteinsgarden til Øvre Musland der det er snuplass, men no ventar trafikantane på stikkene vidare til Friheim,**  
**Kommunen har, som det har gått fram av korrespondanse med Møyfrid Kristoffersen, lova å plassera**  
**stikker også på denne strekningen, som er den farligaste - bratt og svingete.** Møyfrid har peika på at stikkene også er retningsgjevande for dei køyrande når vegen ikkje er så tydeleg og ho har minna om store trafikale problem som fleire har hatt.  
**Også skulebussen køyer mange gongar om dagen her.**

Det er ofte glatt på denne mest krevande veistrekningen før ein kjem fram til Friheim og det neste steget bør vera oppsettjing av autovern, meiner oppsittarane..

Det øverste biletet er teke ved snuplassen på Øvre Musland der brøystestikkene er på plass.

Biletet under er frå den farlege strekningen der det førebels ikkje er stikker - og slett ikkje stålrekkverk.

Kommunen opplyser at det siste ikkje har høgast prioritet samanlikna med andre kommunale vegar. Men oppsittarane håpar at prosjektet i alle fall kan koma med på ei prioriteringsliste.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

